



Boligsenteret Bergen
Ervikveien 70B
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1604 - 14/7494

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
14.05.2014

Godkjenning - endring av løyve, oppføring av bustadhus gnr. 45, bnr. 8 på Vikebø.

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Administrativt vedtak. Saknr: 124/2014

Eigedom: 45/8
Byggjeplass: Vikebø 8
Tiltakshavar: Stein Ove Vikebø
Ansvarleg søkjar: Boligsenteret Bergen
Planstatus: LNF-område

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1, dagsett 30.04.2014, om endring av gitt løyve. Søknaden gjeld endring av høgdeplassering av bustad på gnr 45, bnr. 8 frå kote +21,74 til kote 21,13, topp grunnmur. Det vert søkt om fritak frå nabovarsling og grunngeve med at bygget vert 0,61 meter lågare enn godkjent.

Vurdering:

Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til søknaden

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1 løyve til å endra høgdeplassering av bustadhus på gnr. 45, bnr. 8 frå kote +21,74 til kote +21,13 topp grunnmur, i samsvar med søknad dagsett 30.04.2014.

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 21-3 fritak frå nabovarsling om endring av høgdeplassering, då endringa ikkje har noko særleg innverknad eller er av interesse for naboane.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stein Ove Vikebø

Mottakere:

Boligsenteret Bergen

Ervikveien 70B

5106

ØVRE ERVIK